



Rampe for tilgang til kyrkja

For å legge til rette for at alle skal kunne kome inn i kyrkjene, utan at den fysiske funksjonsevna er ei hindring, er det ofte aktuelt å byggje ei rampe ved inngangen til kyrkja.

Når er ei slik rampe ei vesentleg endring av gravplassen, slik at Statsforvaltaren skal handsame tiltaket etter gravplasslova § 4?




Foto: Den norske kyrkja

Når føresetnadene nedanfor er til stades, vil det til vanleg ikkje vere naudsynt at Statsforvaltaren vurderer og godkjenner tiltak for tilgang til kyrkja som ei vesentleg endring av gravplassen.

Kyrkjebygningen, tilkomsten og omgjevnadane setter rammar for utforminga av ei rampe – den konkrete løysinga vil variere frå stad til stad.

Ei rampe er ei endring av kyrkja som fellesrådet/soknet skal handsame i samsvar med både kulturminneloven, kyrkjeordninga og regelverket elles, sjå mellom anna Rundskriv Q-06/2020 (Barne- og familiedepartement og Klima- og miljødepartementet).

Tiltaket «rampe» i denne sammenhengen, omfatter òg endring av trappa inn til kyrkja, til dømes med utvida repos. Det kan vere naudsynt med tilrettelegging av underlaget fram til sjølve rampa, eventuelt med varsam heving av terrenget. Føresetnadene gjeld òg tilrettelegging med løftebrett/heis utandørs.

Føresetnader:

- Biskopen må ha godkjent tiltaket ut frå regelverket i kyrkjeordninga for Den norske kyrkja.
- Kulturminnestyresmaktene må ha gitt dei aktuelle dispensasjonane når kyrkja og/eller gravplassen er automatisk freda etter kulturminnelova. For listeførte (verna) kyrkjer må Riksantikvaren ha gitt biskopen si tilråding.
- Rampa skal vere tilpassa kyrkja ved at ho underordner seg den visuelle karakteren til kyrkja. Ho bør til dømes ha dei same materialene som grunnmuren/trappa, og ei diskret handlist. Terrenget/vegen fram til rampa må ein tilpasse gangvegane og omgjevnadene elles.
- Ein kan ikkje røre ved graver eller gravminne i nærleiken av rampa eller vegen fram til ho, korkje ved bygging, fundament eller ved praktisk bruk. Avstanden til dei nærmaste gravene må vere minst 3 meter.
- Rampa kan ikkje stenge for gang- eller køyrevegane på gravplassen eller hindre tilkomsten til gravplassen på annan måte.
- Høgda på terrenget kan ein heve med opp til 20 cm dersom det er ein jamn overgang til flatene elles.
- Endring av mur, gjerde, port, støttemur eller andre tiltak i gravplassen sin faste struktur, er søknadspliktig.
- Materialar og handverk skal ha høg kvalitet og vere i samsvar med den orden og vørnad som høver til gravplassen sin eigenart.

Dersom desse føresetnadene er til stades, vil bygging av ei rampe for tilgang til kyrkja ikkje vere ei vesentleg endring av gravplassen som Statsforvaltaren skal handsame, jf. gravplasslova § 4.

Referansedokument

- Gravplasslova § 4
- Gravplassforskrifta § 7 om utrustning og adkomst
- Rundskriv Q-06/2020 Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø (Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet)